
Fra: Hilde Rusten <hiru@udi.no>
Sendt: 12. september 2016 18:06
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Kari Moland Fanebust; Stig Arne Thune; Ronja Trolie; Tronn Eriksen
Emne: Tilsyn/etterkontroll av Lindås mottak for einslege mindreårige -
tilbakemeldingar fra barnevernstenesta

Hei,

UDI skal i haust gjennomføre tilsyn av Lindås mottak for einslege mindreårige. Under tilsynet vil vi gjennomgå drifta med utgangspunkt i krava som våre styringsdokument stiller til mottaksarbeidet. Tilsynet vil ha eit særleg fokus på korleis mottaket ivaretar omsorgsansvaret for ungdommane på mottaket.

Barnevernet i Lindås kommune har viktige oppgåver i tilknytning til mottaket. Vi ønskjer difor barnevernet sine synspunkt på:

- Eiga tenesteyting overfor bebuarane på mottaket
- Samarbeidet med mottaket

Vi ber dykk om å vektleggje aktuelle erfaringar og problemstillingar. Vi tar også gjerne imot eventuelle synspunkt på andre delar av mottaksdrifta.

Det er svært viktig for oss å få dykkar synspunkt. Vi vonar difor at de har moglegheit til å gi oss skriftleg tilbakemelding innan **4.oktober 2016**.

Spørsmål i samband med dette kan rettast til underteikna.

Med helsing

Hilde Rusten
Rådgjevar
UDI Region- og mottaksavdelinga
Regionkontor Vest
+47 40706361